

EVALUERING AV NAMNEGRANSKING HAUSTEN 2015, NOSP222, NOSP252, NOSP322

Skrive av Ivar Utne, emneansvarleg, 22.1.2016 kl. 08.30, rev. 22.1.16 (OBS! fleire karakterar kan kome)

Faglærarar:

- Gunnstein Akselberg, førenamn i Norden, med vekt Noreg, frå dei tidlegaste tidene og fram til seint på 1800, og namnerenessansen tidleg på 1900-talet
- Ivar Utne, førenamn i Norden, med vekt på Noreg, på 1900-talet og fram til notida; norsk etternamnshistorie; utlanlandske namneskikkar, dels europeiske og dels hos innvandrarkulturar i Noreg etter 1970

Emna:

- NOSP222 og ZNORD/NOSP222: 200-nivå med skoleksamén, 2 kandidatar, snitt C
- NOSP252: 200-nivå med semesteroppgåve og munnleg, ingen opp til eksamen
- NOSP322: 300-nivå med semesteroppgåve og munnleg, 5 kandidatar

Det blei brukt spørjeskjema på Mi side. Skjemaet hadde 10 spørsmål, av dei 2 fleirval og 8 opne.

2 studentar svarte.

Det to fleirvalsspørsmåla galdt omfang og vanskelgrad. Svara var slik:

- Omfang: 1 «for stort», 1 «passe»
- Vanskegrad: 2 «passe»

Så til dei opne svara.

Begge studentane sat pris på at pensumlista var organisert etter undervisninga. Ein peikte på at det burde vore vist meir tydeleg til pensum i undervisninga, og at ulikt stoff som dekte det samme kunne vore fjerna. Det siste var òg blant kommentarar hausten 2014. Sjå elles lærarkommentaren nedanfor.

Ein av studentane ville gjerne òg hatt stadnamn. Den andre ønskete meir om generell namnegranskning og om relevante omgrep.

Dei fekk spørsmål om kva dei mangla eller var nyttig frå tidlegare utdanning.

Begge oppgjev å vere studentar med norsk bakgrunn. Dei trekk fram tidlegare emne som nyttig, og éin peikar spesielt på språkhistorie og dialekttrekk frå NOSP103. Den andre nemnet at linene til anna stoff kunne vore trekt fram meir.

Ingen studentar med ikkje-norsk bakgrunn svarte på dette.

Med bakgrunn i at studentar på lektorutdanninga og andre emne nokre gonger ikkje kunne møte i timane, stilte vi spørsmål om konkurrerande tider og arbeid. Det er praksistida som er vanskeleg, og det er rundt åtte veker midt i semesteret. Den eine studenten svarte at det mest var arbeidsmengda i høve til lektorutedanninga som gjorde det vanskeleg å følgje med i namnegranskingsundervisninga. Studenten oppgav å ha meldt det same til lektorutdanninga.

Ein av studentane peikte på at eksamen kom tidleg. Datoen var 20. november.

Kommentarar frå emneansvarleg:

Blant trekk ein bør vidareutvikle er samanhengen med lærestoff frå tidlegare, og å tydeleggjere kva pensumstoff som gjeld til i timane.

Stadnamn var ikkje med denne gongen fordi det var emne aleine våren 2015. Hausten 2014, dvs. førre runde med dei same emna, la vi inn to dobbelttimar og ca. 200 sider med stadnamn.

Tilhøvet til lektorutdanninga er vanskeleg for alle valemna som gjeld for masternivået (300-nivået), og må løysast. Svaret i undersøkinga og det eg elles har fått vete frå studentar, er at arbeidspresset for førebuing av praksistimar gjer det spesielt vanskeleg. Men timar kolliderer øg innimellom. For det siste må ein jo tilpasse seg til timeplanen for elevane i skolen. Mange forslag har vore framme, og førebels fins inga god løysing. Men det kan ikkje halde på slik. Det kan best bli løyst med eiga undervisning for studentar med lektorutanning, noko som er eit økonomisk spørsmål. Det ser ut som lektorprogrammet ikkje er dekt fullt ut økonomisk.

Om lag halvparten av studentane på namneemna hausten 2015 hadde ikkje norsk bakgrunn. Dei var jamt over svært flinke og interesserte. Svært positivt var det at dei var nyttige i samtalar i timane om internasjonale namentrendar, og dessutan om nameskikkar i deira eigne land. Dette siste er aktuelt for namnebruk gjennom gammal og ny innvandring til Noreg.

Til dette semsteret har jeg prøvd å skrive mye nytt pensumstoff om det meste av breidda i namneemna, både om førenamn (nordisk og mykje utanlandske) og etternamn (mest norsk). Det står noko att før det er fullt brukbart, men det var likevel med som lærestoff.

Grunnen til at studentane peikte på at stoff om det same kunne vore fjerna (jf. ovanfor), var at det var overlapping mellom artikkelstoff og bokkapittel. Det er vanskeleg å unngå overlapping når pensumet stort sett må byggjast på artikkelstoff og bokkapittel. Det finst ikkje samlande lærebøker på nordiske språk. Det er forresten mange tyske lærebøker, men dei handlar både om tysk namnetradisjon og om generelle namnegranskingsemne. Tysk er ikkje eit språk som norske studentar normalt kan lese. Dels brukte vi litt engelskspråkleg stoff, som var ei finsk lærebok.

Det er det uheldige med overlapping eg prøver å skrive meg litt ut av. Stoffet mitt var dels øg med for eit år sidan. Planen er å få dette betre til som eit samlande stoff neste gongen emna skal gå. Det er meint som ei samlande framstilling som skal brukast saman med mykje anna.

<>